



Ina Remme
ELIASMARKEN 13
5164 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1428 - 22/16660

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
28.02.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 132/23 Soltveit nordre

Tiltak: Utsleppsløyve
Byggjestad: Gbnr: 132/23
Tiltakshavar: Ina Remme
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.02.2022.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. forureiningsforskrifta § 12-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Kart

Søknad skal vise plassering av avlaupsanlegg og utsleppstad på kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskriften § 12-4 fyrste ledd nr. 1 bokstav d. Anleggets avstand til grense og bygningar skal påførast kartet.

Om anlegg ikkje vert plassert på eigen grunn må det liggje føre samtykke frå eventuell grunneigar. Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning skal tinglysast på eigedomane.

Skildring av utsleppsstaden

Utsleppet skal førast i tett leidning fram til landbruksgrøft med heilårsvassføring eller til bekk. Dette må visast på situasjonsplanen.

Nabovarsel

Søknad skal innehalde opplysningar om kven som er varsla. Kopi av varselet skal verte sendt kommunen samtidig som andre vert varsla. Kvittering for at varselet er sendt skal leggjast ved søknaden, jf. forureiningsforskriftens § 12-4.

Serviceavtale

Det skal til ei kvar tid liggje føre serviceavtale med godkjent føretak, signert serviceavtale må leggjast ved søknaden. Vedlagte serviceavtale er ikkje signert.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 25.03.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av forureiningsforskrifta § 12-5.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ina Remme
Lindås Rør & Sanitær AS

ELIASMARKEN 13
Burkhovdane 1

5164 LAKSEVÅG
5914 ISDALSTØ